



Driftige damevenner med ny suksess: Frå vinstre står Sara Arnesen, Anita Enæs, Klara Bakke, Randi Nybakk og mariann Hauso. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Aktivitetshusets Damevenner kan notere seg for ein ny knallsuksess - Aktivitetsdagen 2009. Ikkje berre fekk dei driftige damene ny fullklaff for to desiderte høgdepunkter som vart lansert i fjor - Hopp i havet og andaløp. Dei skaut også innertiar med eit nytt høgdepunkt - jakta på sjørøvarskatten. Ifjor var det truleg rundt 1.000 innom på denne dagen - i år går kvalifiserte gjetningar ut på at det var så mange som 1.500 innom båthamna.**



Kvinnheringen klar til å gå i vatnet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årets nye hovudinnslag handla altså om sjørøvarskatten, som viste seg å vera eit engasjerande og fantasifullt tablå med flinke aktørar. Det starta med at ei sjørøvarskute, til forveksling lik ein gaffelrigga catch som Jan Berntsen eig, stevna inn mot Uskedalen under kommando av kaptein Sprød - til forveksling lik Arvid Hjelmeland.





[Anda til Evy Hosås vinn andaløpet og ein båt til 7.000 kroner. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Piratane fekk med seg eit kart og fekk hjelp av ein stor skare pirataspirantar for å leita etter skatten som Sprød hadde grave ned eingong. Mellom Rabben og brua fekk dei tuska til seg ein metalldetektor og etter mye strev og ståk fann dei skatten på badestranda. Til hjelp hadde dei 160 kjempeflinke piratar!

Jakta var så engasjerande at ho bør gjentakast neste år.

Alle piratane fekk eit sjørøversertifikat som gjer det mogeleg for dei å mønstra på ei sjørøverskute og segla på dei sju hav og til verdas ende!





Sjørøvarskatten er funne - på badestranda! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Andaløpet var denne gongen flytta litt nedover i elva av praktiske grunnar. På førehand var 300 av 400 andelsbrev selde og resten gjekk unna i timane før løpet. Dermed vart det 40.000 ekstrakroner til drifta av idrettslaget, som verkeleg slit økonomisk for tida.



Birger Myklebust kørde tøffetog utan stans. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hopp i havet vart eit dramatisk og flott punktum for dagen også denne gongen. Til sjuande og sist vart 11 farkostar med og dommarkollegiet bestående av politikarane Torfinn Myklebust, Kjell Yri og Elin Legland hadde det ikkje berre lett då dei skulle kåra den mest originale og den mest optimistiske. Kvinnheringen sin spinkle farkost fekk prisen for originalitet medan rampesnikkar Oddmund Soldal var den største optimisten, med ein fascinerande kombinasjon av skovleutstyrt sykkel og båt.





Oddmund Soldal var den største optimisten! (Foto: Kvinnheringen)

Men tevlinga om å bli den raskaste fram til bjella var grei nok: Bensinstasjonen vann med 10,88 medan Uskedal/Fana vart nummer to med 12.68. Damevennene nummer tre med 13,35 og idrettslaget nummer fire med 13,37.

Suksessen til kaptein Sprød tidlegare på dagen hadde nok gått til hovudet på han, for han stilte opp med ein så skrøpeleg båt at han ikkje hadde sjanse til å nå mål!

Men ellers fekk deltakarane desse tidene: SPAR 13,44, Kvinnheringen 14,00, Trend Frisersalong 15,57, Dønhaug Gardsbarnehage 21,25, Oddmund Soldal 25,50 og Kjellsons 33,34.

Hopp i havet vart greitt avvikla med Bjarne Døssland og Bjarne Lilleaas som programleiarar.



Nils Klyve visar fram vinnaranda. (Foto: Knut A. MYklebust)

Vergudane spela absolutt på lag med Damevennene dette året og folk koste seg i båthamna. Mellom hovudinnslaga kunne dei til dømes nyta Kvinnherad trekkspelklubb og skulemusikken, som mellom anna hadde øvd inn Rybakk-slagaren. Rikeleg servering var det sjølvsagt og dei unge boltra seg i hoppeslott og surfesimulator hvis dei ikkje køyrde brannbil eller tøffetog med traktor foran. Det var ein riktig kosedag som legg på seg for kvart år.





Sjørøvarkaptein Sprød i starten - han kom ikkje så langt. (Foto: Knut A. Myklebust)

Av Ola Matti Mathisen